



Kommunal informasjon frå Meland kommune

Pb. 79 - 5906 Frekhaug Tlf. 56 17 10 00

E-post: postmottak@meland.kommune.no - www.meland.kommune.no

Foto: Roald Bertelsen

KUNNGJERINGAR



■ Kommunestyre- og fylkestingsvalet 14. september 2015

Måndag 14. september skal det haldast kommunestyre- og fylkestingsval.

Du må være innført i manntalet for å kunne røyste. For å røyste ved kommunestyre og fylkestingsvalet må du:

- være norsk statsborger
- fylle 18 år innan utgangen av valåret
- ikkje ha mista stemmeretten etter Grunnloven § 53
- være, eller nokon gong ha vore, folkeregisterført som busett i Noreg
- være manntalsført i ein kommune
- I tillegg har personar som ikkje er norske statsborgarar, men som fyller ovannemnde vilkår, røysterett dersom dei
 - a) har stått innført i folkeregisteret som busett i Noreg dei tre siste åra før valdagen eller
 - b) er statsborgar i eit anna nordisk land og er blitt folkeregisterert som busett i Noreg seinast 30. juni i valåret.

Du kan undersøkje om du står i manntalet. Dersom du ikkje står i manntalet og meiner det er feil, har du høve til å krevje feilen retta.

Ta kontakt med Meland valstyre, Pb 79, 5906 Frekhaug.

Manntal for alle krinsane er lagt ut i resepsjonen på rådhuset, biblioteket på Frekhaug og biblioteket på Rossland

Manntalet skal ligge ute til og med valdagen.

Røystestad:	Røystekrins:	Røystetid:
Flatøy gamle skule	for Flatøy krins	kl.12.00 – 20.00
Vestbygd skule	for Vestbygd krins	kl.12.00 – 20.00
Meland Aktiv	for Sagstad krins	kl.12.00 – 20.00
Grasdalen skule	for Grasdalen krins	kl.12.00 – 20.00
Rossland skule	for Rossland krins	kl.12.00 – 20.00
Nordavinden(gamle Husebø bedehus)	for Husebø krins	kl.12.00 – 20.00

Dersom du ikkje kan røyste på valdagen, kan du førehandsrøyste fram til og med fredag 11. september i resepsjonen på rådhuset på Frekhaug.

Resepsjonen har ope:

måndag – fredag kl.08.00 – 15.30.

I tillegg vert det halde ope for førehandsrøysting same stad på desse tidspunkta:

laurdag 5. september kl. 10.00 – 14.00.

måndag 7. september til torsdag 10. september

frå kl. 08.00 – 19.00

Ta med valkort og gyldig legitimasjon når du skal røyste!

Veljarar på helse- og sosialinstitusjonar i Meland kommune kan førehandsrøyste på

Meland sjukeheim onsdag 9. september kl. 10.30 – 12.30.

Ambulerande røysting:

Veljarar som grunna sjukdom eller fordi dei er uføre ikkje kan koma seg til røystelokalet, kan søkje om å få røyste

heime. Søknad om slik røysting kan setjast fram per telefon 56 17 10 00, per e-post til postmottak@meland.kommune.no, eller sendast skriftleg til Meland kommune, Valstyret, Pb. 79, 5906 Frekhaug. Frist for å søkje om å få røyste heime er sett til tysdag 08.09.15.

Valstyret i Meland kommune
Nils Marton Aadland
leiar

Meland kulturskule

Meland kulturskule har ein del ledige plassar – velkomen til oss!

Dans (i Meland Aktiv)

For elevar frå 4. klasse og eldre – torsdag kl. 17.30 – 18.30

Teater (i Meland Aktiv)

For elevar frå 7. klasse og eldre – måndag kl. 18.45 – 20.45

Band (i Meland Aktiv)

Pop/rockeband for elevar som allereie spelar gitar, keyboard eller syng – torsdag kl. 17.50 – 18.50

Grunnkurs (i Meland Aktiv)

Tverrfagleg kulturskuletilbod for 1. og 2. klassingar onsdag ettermiddag

Kulturskulekor (i Meland Aktiv)

For elevar i 1. – 3. klasse onsdag kl. 17.00 – 18.00.

Det kan og verte ledige plassar i andre disiplinær, ta gjerne kontakt på tlf. 56 17 10 64 eller kulturskulen@meland.kommune.no

Eigendel for elevplass i kulturskulen kostar kr. 1650,- per semester (kr. 3300,- i året). Vi har 25%/50% søskenrabatt. Påmelding på søknadsskjema på www.meland.kommune.no (sjølvbetjening – kjemaoversikt).

Meland bibliotek

Ønskjer velkommen til:

Eventyrstund tysdag 8. september kl.10.30

Bok- og strikkekafe tysdag 15. september og 29. september kl.12 – 14

Fest for deltakarar i Sommarles 2015 torsdag 10. september kl.18.00 – 19.00 påmelding innan 7. september.

Nordhordland Litterære Selskap har møte på Meland bibliotek torsdag 3. september kl.19.00. Vi skal samtale om «Hvor ble du av, Bernadette?» av Maria Semple og «Den merkelige hendelsen med hunden den natten» av Mark Haddon. Velkomne!



DEN INTERNASJONALE ELDREDAGEN 1. OKTOBER
Kulturkveld med song, musikk og kåseri i Festsalen på Nordhordland Folkehøgskule kl.17.00.

Tradisjonen tru blir det middag, kaffi og kake. Velkommen til ein kveld for seniorar! Billett: kr. 200,- Påmelding innan fredag 25. september på tlf: 56 17 10 00/66, eller liste på Eldresenteret.

Arr.: Fellesrådet, Helselaget og Meland Frivilligsentral

FLYKTINGEFADDER

Vil du engasjera deg for å ta imot flyktningar på ein god måte? Vi har eit opplegg som krev omlag 8 timar fordelt over om lag eit halvt år. Opplegget gjev dei nyinnflytta ei god oversikt over kva som finns i kommunen vår. Ta kontakt med Frivilligsentralen eller les meir om Flyktingefadder-ordninga på www.meland.frivilligsentral.no
Arr.: Meland Frivilligsentral

KJØREHJELP

Frivilligsentralen treng 1-2 frivillige sjåførar til å væra med på ei kjøreordning ca. 1 søndag pr. mnd. frå kl 08.00 – 09.00. Ta kontakt for meir informasjon.
Arr.: Meland Frivilligsentral

DATAKLUBB FOR PENSJONISTAR

Dataklubben startar opp måndag 21. september. Klubben er for deg som vil læra litt meir om data og for deg som vil dela det du kan med andre. Ein treffstad der du kan øva deg på å bruke data. Stad: Eldresenteret på Frekhaug. Tid: måndagar frå kl. 12 – 14. Dersom du har eigen maskin, ta den med.
Arr.: Meland Helselag, Meland Frivilligsentral

FRIVILLIGE TIL SPRÅKKAFFI

Meland bibliotek på Frekhaug ynskjer å starte ein språk kafe. Kan du avsjå ein time eller to ein gang i månaden til hyggeleg og interessant samtale? Ta kontakt!
Arr.: Meland Bibliotek, Meland Frivilligsentral.

Freister noko av dette? – Ring Frivilligsentralen på 56171066 eller send ein e-post til frivilligsentralen@meland.kommune.no for meir informasjon, eller for å melda deg som frivillig. Vi oppmodar alle frivillig lag og organisasjonar til å dele sine arrangement på Meland Frivilligsentral sine Facebooksider. Sjå ellers kva som finns av organisasjonar, lag og aktivitetar på: www.meland.frivilligsentral.no

LEDIGE STILLINGAR

Meland kommune har elektronisk søknadsskjema på ledige stillingar. Det er kun mogleg å søkje gjennom vårt elektroniske søknadsprogram. Dette gjeld både for eksterne og interne søkjarar. Nærare informasjon finn du på www.meland.kommune.no under ledige stillingar.

Har du lyst på spennande oppgåver i ein kommune i vekst

Meland kommune treng:

Meland sjukeheim:

Sjukepleiar – 56,9% fast stilling

Sjukepleiar – 66,9% fast stilling

Sjukepleiar – 60% vikariat

Sjukepleiar – 80% vikariat

Helsefagarbeidar – 58% vikariat

Skulane i Meland:

Morsmålærar og tospråklege lærarar – 8-20% stilling

Søknadsfrist: 20.09.2015

OPNE MØTE september/oktober 2015

	Dato	Kl.	Møtestad	
Formannskapet	Onsdag	02.09	15.30	Formannskapsalen
Utval for levekår	Tysdag	08.09	16.00	Formannskapsalen
Kommunestyret	Onsdag	09.09	17.00	Kantina
Valstyret	Onsdag	15.09	16.00	Formannskapsalen
Utval for drift og utvikling	Tysdag	29.09	16.00	Formannskapsalen
Formannskapet/Valstyret	Onsdag	30.09	09.00	Formannskapsalen
Kommunestyret	Onsdag	14.10	17.00	Kantina

Møte i folkevalde organ er som hovudregel offentlege etter Kommuneleva. Alle som ønskjer det kan vera til stades, og det er høve til å referere frå møta. Sakspapir er tilgjengelege på kommunen sine nettsider www.meland.kommune.no